



Arkivnr: 2017/453-3  
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		19.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

## Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 2 -2017

### Samandrag

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren, og det er tidlegare fordelt 12,25 million kroner frå denne posten i 2017. I denne saka rår ein til at det vært fordelt ytterlegare 27 million kroner til prosjekt ved Os vgs. og Fyllingsdalen vgs.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2017 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	646.020.00	02300	02156 Os vgs. - ombygging bygg D	20 000 000	
10	647.020.00	02300	03237 Fyllingsdalen vgs – Utbetr. Ventilasjon	7 000 000	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab. / omb./ tilbygg		27 000 000
				27 000 000	27 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.03.2017****Innleiing**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren, og det er tidlegare fordelt 12,25 million kroner frå denne posten i 2017. I denne saka rår ein til at det vert fordelt midlar til følgjande prosjekt:

**Os vgs. Oppgradering av D-blokken.**

Det har blitt gjennomført fleire tiltak ved Os vgs. dei siste åra for å betre bygningsmassen ved skulen, mellom anna har ein bygd ny sveiseverkstad gjennom ei utviding/tilbygg til D-bygget.

Resten av bygget som er frå 1981/82 har behov for rehabilitering innvendig samt mindre ombygging som skulen ønskjer av pedagogiske årsaker. Arbeidet omfattar ombygging/utskifting av deler av varmeanlegget, nye ventilasjonsaggregat, utskifting av elektriske anlegg, ny belysning ,IT-anlegg og nødvendige UU-tiltak. I tillegg til dette vært det ein del bygningsmessige arbeider, maling og nye golvbelegg.

Prosjektet er også eit godt enøk-tiltak og det er aktuelt å søke om Enova støtte, utan at dette er lagt inn som føresetnad for prosjektet.

Prosjektet er planlagt gjennomført samstundes som det skal være undervisning i bygget, framdrift og aktiviteten må tilpassast dette.

Prosjektet er kalkulert til 20 million kroner og ein rår til at prosjektet vært prioritert og fullfinansiert innanfor rammeløyvinga i 2017.

**Fyllingsdalen vgs. – Utbetring ventilasjon**

Fylkesutvalet løyvde i sak 73/2014 4 million kroner til utskifting av kanalnett samt bygningsmessige tiltak knytt til dette for å komme i gong med utbetring av ventilasjonsanlegget ved skulen. Som opplyst i saka den gongen var samla kostnad for prosjektet ikkje klart.

Grunna høgt arbeidspress og manglande kapasitet vart oppstart av prosjektet utsett til i slutten av 2015, og fysiske tiltak i hovudsak blitt utført i 2016 og no i 2017.

Basert på det arbeidet som er gjort ynskjer ein å gjere prosjektet noko meir omfattande enn det som var lagt opp til i 2014. I denne omgang ynskjer ein å prioritere utbetringar knytt til den sentrale fløya i underetasje, 1 etasje og 2 etasje, samt nokre areal mot sør i 1 etasje. Innafor dei områda ein utbetrar ser ein for seg å utbetre kabelnett og styring knytt til ventilasjon, samt himling, lysarmaturarar, klasseromsdører og liknande. Samla kostnad for dette er kalkulert til 11 million kroner og ein rår til at prosjektet får løyvd 7 million frå rammeløyving i 2017.